



Styre
Universitetsstyret

Arkivreferanse
2022/895
Styresak
53/25

Dokumentdato
11.06.2025
Møtedato
17.06.2025

ORIENTERINGSSAK:

Status for oppfølging av UiBs strategi 2023 -2030

Bakgrunnsdokument

- [Styresak 4/23 Ny strategi for UiB 2023-2030](#)
- [Årsrapport for Universitetet i Bergen 2024](#)
- [Årsrapport for Universitetet i Bergen 2023](#)

Saka gjeld

UiBs strategi, [Kunnskap som former samfunnet](#) blei vedteken av Universitetsstyret 2. februar 2023. Strategien har eit langsiktig perspektiv med ein verkeperiode frå 2023 til 2030, og er overordna og retningsgivande for institusjonen.

Strategien målber universitetet sine visjonar, verdiar og ambisjonar. UiB skal vere blant dei fremste universiteta i Europa, internasjonalt kjend for høg kvalitet i forskning og utdanning. Som internasjonalt forskingsuniversitet, med lange vitenskaplege tradisjonar og med nasjonalt ansvar for å forvalte og vidareutvikle ei stor breidd av fagdisiplinar skal UiB bidra til ei berekraftig og demokratisk utvikling og vere ein attraktiv og inkluderande studie- og arbeidsplass.

I denne saka blir Universitetsstyret orientert om status for oppfølging av strategien.

Forslag til vedtak

Universitetsstyret tek gjennomgangen av status for oppfølging av strategien til orientering.

Tore Tungodden
Universitetsdirektør

11.06.2025/Ingar Myking

Vedlegg: Saksframstilling

Saksframstilling

Styre
Universitetsstyret

Styresak
53/25

Møtedato
17.06.2025

Status for oppfølging av UiBs strategi 2023 -2030

Bakgrunn

Universitetet i Bergens (UiB) strategi, [Kunnskap som former samfunnet](#) blei vedteken av Universitetsstyret 2. februar 2023, [sak 4/23](#). Strategien har eit langsiktig perspektiv og ein verkeperiode frå 2023 til 2030, og er overordna og retningsgivande for institusjonen.

Strategien set rammer for og vernar om universitetets grunnleggjande verdiar, viser korleis institusjonen skal utvikle seg vidare som eit forskingssterkt breiddeuniversitet: ein klassisk kunnskaps- og kulturberande institusjon med akademisk fridom som verdiramme og ambisjonar om høg internasjonal kvalitet på forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

UiBs [utviklingsavtale](#) med Kunnskapsdepartementet (KD) vart utforma samtidig og med utgangspunkt i strategien, og i lys av regjeringas mål for norsk forskning og høgare utdanning. Avtalen set rammene for KDs dialog mot institusjonane i sektoren, og er eit viktig strategisk verkemiddel for å utvikle mangfald og arbeidsdeling i norsk høgare utdanning og forskning.

I denne saka blir Universitetsstyret orientert om overordna status for arbeidet med strategien med utgangspunkt i visjonane innanfor dei enkelte områda.

Endra rammevilkår og ei meir uroleg verd

Dei første åra i strategiperioden (2023–25) har vore prega av store endringar i norsk utdanning og forskning, med geopolitisk uro, teknologiske nyvinningar og kutt i løyvingar. Auka krav til nasjonal tryggleik og datasikring utfordrar internasjonalt samarbeid, samstundes som det i den europeiske debatten blir etterlyst meir satsing på grunnforskning og sterke forskingsuniversitet for å lukkast med omstilling og økonomisk-, sosial- og teknologisk utvikling.

Nye akkrediteringsreglar gjer det lettare å oppnå status som universitet og profesjonsutdanningane i rettvitskap og psykologi vert etablert på fleire institusjonar. I 2023 innførte regjeringa betaling for utelandsstudentar utanfor EU.

Revisjon av UH-lova, nytt opptakssystem, ny nasjonal finansieringsmodell med hovudsakleg utdanningsdrivne insentiv, ulike formar for budsjettkutt og manglande løns- og priskompensasjon over

statsbudsjetta har gjeve utfordringar, samstundes som ein del av dei mange endringane gjev rom for nyskaping og mobilisering.

I 2025 la regjeringa fram ei systememelding som la stor vekt på kunnskapssektoren si rolle for sikkerheit og forsvar. UiB har peikt på behovet for å skjerme finansieringa til grunnforskning, at forskinga får frie rammer til internasjonalt samarbeid og viktigheita av at den norske kunnskapspolitikken blir koordinert og skjer i tett dialog med dei europeiske forskingsstrukturane.

Status for oppfølging av UiB sin strategi

Forsking på høgt internasjonalt nivå

Vision

[UiB skal flytte kunnskapsgrensene og bidra til ei berekraftig og demokratisk framtid gjennom sterk forskning i og på tvers av disiplinane over ei stor fagleg bredde.](#)

Status

Høg kvalitet, fagleg integritet og langsiktigheit pregar forskingsmiljøa ved UiB. UiB legg vekt på langsiktigheit i fagmiljøa og har dei siste åra utvikla fleire program og arenaer for faglege leiarar. I UiBs rekrutteringspolitikk står det fast at professorstigen skal dominere, slik at vi sikrar sterk fagleg rekruttering og forskingsbasert undervisning. Dei vitenskaplege stillingane blir lyst ut internasjonalt, og over 90 prosent av dei faste vitenskaplege tilsette er i førstestillingar.

Om lag 40 prosent av dei vitenskaplege tilsette er rekrutterte internasjonalt, inkludert stipendiatar/postdocs. UiB har den høgaste delen internasjonalt samskrivne publikasjonar blant dei store universiteta i Noreg. UiB er blant dei fremste i Noreg når det gjeld publisering og i gjennomslag i EUs rammeprogram. 29 prosent av publiseringa skjer i tidsskrift med høgast prestisje i den norske modellen for publikasjonsklassifisering (nivå 2), og universitetet hadde 1,4 publiseringspoeng per årsverk i 2024.

Bidrags- og oppdragsinntektene (BOA) har vore relativt stabile. UiB har saman med dei andre universiteta likevel møtt utfordringar knytte til regjeringa sin reduksjon i nasjonale konkurransearenaer i 2023. Forskringsråds-inntektene har gått noko ned, også i kategorien fri prosjektstønad, men i 2024 rapporterte UiB større gjennomslag i konkurransearenaene til Forskringsrådet.

To nye [Senter for framifrå forskning \(SFF\)](#) starta opp i 2023. Det er solid mobilisering for neste SFF-runde. I 2024 fekk Bjerknessenteret for klimaforskning vedtak om varig finansiering frå 2026. Det blir mobilisert systematisk for deltaking i ERC. I 2023–25 er det tildelt 11 ERC-prosjekt til UiB, og ein reknar med fleire tilslag i inneverande år.

UiB skal halde fram det systematiske arbeidet med mobilisering og støtte til ulike programutlysingar. Skjerpa konkurranse krev eit langsiktig strategisk arbeid i fagmiljøa for å utvikle ein eksternt finansiert portefølje

som støttar opp om den faglege profilen. Høg kvalitet på søknadene og eit større søknadsomfang vil vere viktige prioriteringar. [STRYK UiB-rapporten](#) gjev eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare oppfølging av kvalitetsarbeidet med ei rekkje tilrådingar for å styrke mobilisering, bruk av insentiv, og administrativ stønad. Rapporten gjev god innsikt i kor viktig strategisk planlegging og ein kultur for søking av eksterne midlar er for å bidra til dei langsiktige rammene til UiB.

UiBs nye inntektsfordelingsmodell er innretta slik at den kompenserer for den nasjonale modellen, som har fjerna insentiv for forskning. UiB-modellen omfattar mellom anna insentivmidlar som gir ekstra utteljing til fakultet og prosjekt for [Det europeiske forskingsrådet \(ERC\)](#), andre EU-finansierte prosjekt og større senterordningar finansierte av Forskningsrådet.

Gjennom etableringa av [UiB AI](#) har UiB styrka tverrfagleg forskningssamarbeid innanfor kunstig intelligens (KI) på tvers av fakulteta, og med aktørar frå næringsliv og offentleg sektor. Den faglege styrka til UiB innanfor KI kom tydeleg fram då fire av UiB sine seks søknader om å bli nasjonale KI-sentre var blant 19 finalistar som blei vurderte i sluttrunda i Forskningsrådet.

UiB har fått rekordstort gjennomslag i Forskningsrådets infrastrukturutlysing i 2024. UiB er blant dei fem største universiteta og 20 største aktørane totalt i Horisont Europa infrastrukturutlysingar i 2024, målt etter tal på deltakarar. UiB er blitt med i [European Open Science Cloud \(EOSC\)](#) for lagring av forskingsdata. Saman med UiO og NTNU blir det jobba for å tilby ein nasjonal analyseplattform for helsedata, NORTRE.

Etter ein systematisk gjennomgang av status for forskingsinfrastruktur har det blitt laga fakultetsvise vegkart, samtidig som vitskapleg tilsette ved UiB har delteke aktivt i arbeidet med Forskningsrådet sitt nasjonale vegkart. Etableringa av eit felles “bookingsystem” for instrument, [BookitLab](#) blir brukt stadig meir for ein transparent og målretta brukarfinansiering. Framover blir det særleg viktig å sikre berekraftig finansiering og drift av forskingsinfrastrukturen slik at desse er oppdaterte og attraktive for rekruttering og internasjonalt samarbeid om forskning.

Talet på stipendiatar, postdoktorar og disputerte er stabilt, og UiB har lagt vekt på å halde måltala for stipendiatar. Det er etablert eit karrieresenter for yngre forskarar, [UiB Ferd](#), som tilbyr og utviklar ei rekke aktivitetar og tenester. Årsrapportane om PhD-utdanninga syner at kandidatane i stor grad er tilfredse, men at det fortsatt er rom for forbetringar. Framover blir det særleg viktig å utvikle gode rammer for stipendiatane og hjelpe kandidatane med å betre gjennomføringstida.

UiB har sett i verk tiltak for å styrke rekrutteringa og har etablert eigne program for forskarutdanninga, søkarkompetanse og karriereutvikling for vitskapleg tilsette. [ERC Development Programme](#) vart etablert i 2024, og UiB har vidareført [Momentum](#).

UiB har gjennomgått organiseringa av det forskningsetiske rammeverket, og har styrka arbeidet gjennom betre opplæring, lokale redelighetsutval og årleg Forskingsetisk dag.

Internasjonalt er UiB medlem av ei rekke organisasjonar og nettverk. I 2023 vart UiB med i den europeiske universitetsalliansen [CHARM-EU](#), og UiB leiar samarbeidet i [North Sea University Partnership](#). Brusselkontoret spelar ei sentral rolle i arbeidet med påverknad og fagleg samarbeid og fremmar UiBs interessar knytt til EUs initiativer og program.

UiB arrangerer viktige debattar og formidlingsarenaer som Aarebrotforelesninga, Christiekonferansen, Berekraftskonferansen, Forskingsdagane, Intelligente Bergen og UiB Innsikt. Universitetet var rådgjevar for Netflix-serien [Our Oceans](#), som formidlar klimaforskning til millionar av sjåarar kringom i verda. I 2024 blei 57 artiklar publisert på forskning.no med over 638 000 sidevisningar.

Vitskapleg tilsette har ansvar for 236 fagområde i Store norske leksikon, med nær 10 000 artiklar viste 7,1 millionar gongar. UiB har det faglege ansvaret for språksamlingane og arbeidet med revisjon av dei norske ordbøkene. I 2025 fekk UiB tildelt eit nytt forskningscenter for norsk språk finansiert av Forskningsrådet

Utdanning av høg kvalitet

Visjon

[UiB skal utdanne kandidatar som kan forme morgondagens samfunn, arbeids- og næringsliv med perspektiv frå ulike fagområde. Vi skal gi studentar eit fagleg fundament som varer heile livet og som bidreg til å skape kompetente og reflekterte samfunnsborgarar.](#)

Status

Utdanninga ved UiB er forskingsbasert og tett knytt til kunnskapsutviklinga. Den faglege breidda i utdanningstilbodet er ein styrke for studentane, som kan tileigne seg kunnskap frå mange ulike fagområde. Utdanninga legg vekt på varig og solid kunnskap, ferdigheiter i vitskapleg eller kunstnarisk metode, og personleg utvikling.

UiB rekrutterer sterkt og fyller opptaksrammene. Etter mange år med aukande søkertal blei desse i 2024 rekordhøge, men justert i 2025 til 2023-nivået. I tidsrommet fram til 2034 har UiB eit godt handlingsrom då talet på 20-åringar vil vere større enn i dag. Det blir no satsa målretta, både med kampanjer og ulike formar for synleggjering på å styrke universitetets posisjon som ein attraktivt studiestad med forskingsbasert utdanning av høg kvalitet. [Tilstandsrapporten](#) frå 2025 plasserer UiB og UiO i ei særklasse og i god tråd med UiB si nasjonale rolle for å tilby utdanningar over ei stor fagleg breidde.

I arbeidet med å nå visjonen har UiB lagt vekt på å gi alle studentar grunnleggjande digital forståing, kunnskap og kompetanse gjennom emnepakken DIGI, som er tilgjengeleg for alle studentane. UiB var først ute i Norge og Europa med tilbodet, som omfattar ni småemne og som dekker ulike kompetanseområde innanfor digitale teknologiar. I tillegg til grunnleggjande digital kompetanse, har UiB også støtta 11 utdanningsprosjekt for å skreddarsy djupare og fagspesifikk digital kompetanse i studieprogramma.

For å gi studentane mest mogleg tverrfagleg kompetanse, og innblikk i andre fagområder har fakulteta jobba med å synleggjere for studentar kva emne som kan følgast, og kor. Nokre fakultet har òg starta eit samarbeid om å tilrå emnepakkar på tvers av fakulteta for valfrie emne i studieprogramma.

For å vidareutvikle utdanningskvaliteten blir det satsa på å bygge ein kollegial kultur for samarbeid om utdanningskvalitet, og å styrke kontakta med arbeids- og næringslivet. Stadig færre studentar fell frå studiane, og det blir avlagt fleire studiepoeng per semester enn før. Tiltak som mentorordningar, nye former

for studentaktiv læring, nyetablerte tiltak som introduksjonsdagar for nye studentar og gjennomføring av demoeksamenar har hatt positive virkningar.

Samstundes er det viktig å vere framoverlent og innovativ i arbeidet med studiekvalitet og gjennomføring for å møte behova nye generasjonar av studentar. Det reviderte kvalitetssystemet vektlegg studentane si rolle som partnarar i kvalitetsarbeidet, og felles retningslinjer og kompetansestøtte har styrka oppfølginga ved fakulteta.

Gjennom det langsiktige arbeidet med [UiB Universell](#) og [mangfaldsprosjektet «Ingen utanfor»](#) som blei etablert i 2023, har det blitt arbeida målretta med å styrke UiB som studiestad slik at studentane skal trivst i studentlivet og lukkast med studiane. Større mangfald i alle studieprogram er eit viktig mål som krev høg merksemd framover, og UiB arbeider langsiktig for sosial mobilitet gjennom høgare utdanning. Handlingsplanen om eit heilskapleg læringsmiljø legg tydeleg retning for å sikre eit inkluderande læringsmiljø.

UiB arbeider jamt for å tydeleggjere det viktige bidraget høgare utdanning har til arbeids- og næringslivet. Det reviderte kvalitetssystemet legg vekt på involvering frå arbeidslivet, og fakulteta har sett i gang arbeid med å gi informasjon til studentar tidleg i studiane om framtidige utsikter i arbeidslivet. Det har blitt utvikla fleire nye studieprogram i tråd med samfunnsbehov, blant anna tverrfaglege sivilingeniørprogram. Vestlandslegen er utvida til Førde, med planar for vidare vekst. UiB har styrket praksis, studentinnovasjon og prosjektsamarbeid med arbeidslivet.

UiB arbeider målretta for å vidareutvikle institusjonen som ein arena for livslang læring med forskingsbaserte, fleksible etter- og vidareutdanningstilbod. Ei ny læringsarena tilpassa formålet er etablert i Nygårdsgaten 5. Talet på deltakarar i vidareutdanningstilbodet er dobla sidan 2020. Kapasiteten både for små og fleksible moduler som er lett tilgjengelege for alle er auka, og det har blitt etablert sju erfaringsbaserte masterprogram sidan 2020. Arbeidet med livslang læring skjer i tett samarbeid med næringsliv og offentleg sektor og bidrar til kunnskapsoverføring og kompetanseheving i samfunnet.

Å være ein attraktiv studiestad for internasjonale studentar er ein viktig ambisjon for UiB. Det har blitt sett rekord i utveksling og UiB blei kåra til årets Erasmus-institusjon i 2023. Den europeiske universitetsalliansen Charm EU gjev auka moglegheiter for internasjonalt samarbeid og mobilitet, samtidig som UiB utviklar felles gradar med partnerane i alliansen. Ved hjelp av aktiv bruk av [NORSTIP-ordninga](#) har UiB oppfylt alle stipend for å styrke samarbeid, studentrekruttering og mobilitet, òg med land utanfor Europa.

Kunnskapsformidling, samfunnsdialog og innovasjon

Visjon

[UiB skal vere ei opa kunnskapskjelde og ein framifrå arena for forskingsbasert kunnskapsoverføring og samfunnsdialog.](#)

Status

I strategiperioden har UiB styrkt si rolle som ein open og inkluderande aktør innan forskingsformidling, samfunnsdialog og innovasjon.

UiB arbeider aktivt for å dele kunnskap og forskingsfunn, og for å løfte universitetet sine stemmer inn i det offentlege ordsiftet. Slik bidreg UiB til at samfunnsdebatten blir kunnskapsbasert. Universitetet inviterer til debatt og diskusjon gjennom ei rekkje arrangement, og legg stor vekt på å vere ein synleg aktør lokalt, nasjonalt og internasjonalt. UiB jobbar målretta med kommunikasjon og formidling gjennom å handtere spørsmål frå publikum og media, med jamlege mediekurs for forskarar og utvikling av digitale kanalar som sosiale medium, podkastar og [Viten-TV](#), som vart lansert i 2024.

Universitetsmuseet og biblioteket spelar sentrale roller med opplevingsbasert læring, digitale og fysiske utstillingar og open tilgang til forskning. [Ordbøkene.no](#) har om lag 160 000 daglege søk, Universitetsmuseets besøksrekordar, UiBs 200 års jubileum og "[landslov-utstillinga](#)" ved Bymuseet er alle døme på svært stor interesse frå eit allmennt publikum.

Internasjonale prosessar mot opning og tilgjengeleggjing av vitskap og reform av kriteria for forskingevaluering verkar inn på både arbeidspraksis og karriereløp for vitskapleg tilsette. Universitetsbiblioteket har etablert ei omfattende kursportefølje, og det er etablert et nettverk for aktører som forvalter forskingsdata i Bergen med hovudfokus på tilrettelegging for open tilgang til publikasjoner og forskingsdata. UiB blei i 2023 medlem i [European Open Science Cloud \(EOSC\)](#), som lagar ulike typer løysingar for å stimulere til ansvarlig datadeling og forskningssamarbeid på tvers av disipliner og landegrenser.

UiB deltek i eigne kunnskapsklynger og i regionale næringsklynger. Gjennom tverrfakultært samarbeid internt og med lokalt næringsliv og offentlig sektor blir det jobba systematisk for at forskning blir teken i bruk gjennom innovasjon og kunnskapsdeling. Ved Forskningsrådet si utlysing av [Senter for framifrå innovasjon \(SFI\)](#) har tre prosjekt leia av UiB, og to vi deltek i gått vidare til andre runde. Innovasjonsprogrammet [UiB idé](#) har gjennom rettleiing og økonomisk støtte blitt eit viktig verktøy for å hjelpe tidlegfase prosjekt for vitskapleg tilsette og studentar på vegen inn i det etablerte innovasjonsøkosystemet. [Eitri](#) er etablert i samarbeid med Helse Bergen og har lukkast med å fasilitere oppstarten av fleire "start-up" føretak. Saman med Alrek helseklynge er Eitri ein viktig faktor når Bergen jobbar for å etablere helserelatert næringsaktivitet kring Haukeland universitetssjukehus.

Som ein del av [One Ocean - Havbyen Bergen](#) har UiB inngått strategisk samarbeid med NTNU om å vere den nordiske noden i eitt av tre konsortier, "One Water" gjennom søknad om [EIT - Knowledge and Innovation Community](#) (KIC) på [Water, marine and maritime sectors and ecosystems](#). I arbeidet er det etablert kontakt med fleire store norske næringslivsaktørar.

Samarbeidet med teknologioverføringsselskapet VIS har gitt økt kommersialisering. UiB er blant de fire beste universiteta i Norge i Forskningsrådet si [FORNY-ordning](#).

UiB arbeider målretta for å vere ein tydeleg og attraktiv samarbeidspartnar i arbeidet med å markere Bergen og Vestland som eit nasjonalt og internasjonalt kunnskapssentrum med aktiv deltaking i kunnskapsklyngene og næringsklyngene. [Havbyen Bergen, Kunnskapskommunen Helse og omsorg Vest](#),

[Næringsforum Vestland](#), [UH-nett Vest](#) er stadig viktigare for dette arbeidet. Samstundes må samarbeid og dialog med ulike styremakter videreførast om kor viktig det er å satse på utvikling av gode forskingsfasilitetar og moderne forskningsinfrastruktur i Bergen.

Universitetssamfunnet og organisasjon

Vision

[UiB skal vere ein attraktiv arbeids- og studiestad som rekrutterer og utviklar sterk kompetanse og fremjar ein samarbeidskultur om felles høge ambisjonar.](#)

Status

Universitetsdemokratiet ved UiB er ein grunnpilar i styring og utvikling. Val av leiarar og medlemmar til styrer og råd, høyringar, komitear og breitt samansette utval sikrar open debatt og forankring. Leiinga har jamleg dialog med studenttillitsvalde, styremøta blir strøyma, og interne medium held tilsette oppdaterte. Demokratiske strukturar bidreg til identitet, medverknad og kvalitetsutvikling.

UiB prioriterer openheit og partssamarbeid gjennom Arbeidsmiljøutval, Forhandlingsutval og Informasjons- og drøftingsutval. Den nye omstillingsavtalen frå 2023 styrker medverknad i endringsprosessar. HMS-arbeidet er vidareutvikla med nytt regelverk og betre rapportering frå 2025.

Leiarutviklinga har gått frå å ha lengre program til meir korte, målretta samlingar for [administrative leiarar](#) og [instituttleiarar](#). Den årlege leiarkonferansen er òg ein viktig fellesarena for faglege og administrative leiarar. Internmobilitet, fagspesifikke kurs og [UiB Opp](#)-programmet styrker organisasjonskompetansen. I 2024 blei det etablert eit [program for forskingsleiing](#), eit årleg breiddetilbod for alle med ansvar for forskingsgrupper eller forskingsprosjekt. Norskopplæring blir gitt til internasjonalt tilsette. Det er også etablert ein ny fellesarena for dekaner og direktører.

[UiB Tenesteutvikling](#) fremjar brukarnære og smidige metodar i utviklinga av administrative tenester og har eit eige program for tenesteinnovasjon, brukarorientering og tverrfagleg utvikling som koordinerer [KI-kompetanseløftet for teknisk-administrative](#) tilsette. Nygårdsgaten 5 har styrka samhandlingen i fellesadministrasjonen.

Mangfald og inkludering blir er prioritert gjennom tiltak i [handlingsplan 2023–2025](#), leiaropplæring og tiltak for å sikre inkluderande rekruttering. Handlingsplanen skal reviderast hausten 2025. Tiltak som UiB Universell og velkomstveker med lågt alkoholfokus skal sikre deltaking for alle. Konsulentbruken skal ned, og intern kompetanse styrkast.

Sikkerheit og beredskap er prioritert med vekt på informasjonssikkerheit initiert av styret, personvern og oppdaterte planar. HMS-rutinar blir følgde opp løpande. Universitetet har over fleire år arbeidd med å utvikla ein meir heilskapleg internkontroll. Med utgangspunkt i ein risikobasert tilnærming er det utvikla felles metodikk og verktøy for oppfølging av risikoområde på ulike nivå i organisasjonen.

UiB arbeider målretta for å redusere utslepp og effektivisere energibruken. [Masterplan for areal 2020-2040](#) blir revidert og rettar fokus på funksjonelle bygg og infrastruktur, god arealbruk og berekraft.

Bygg som tilfredsstiller mål om god standard er naudsynt for god forskning og utdanning, samtidig som arealøkonomisering er viktig for UiBs samla ressursbruk. Revidert husleigemodell stimulerer til arealeffektivisering for å sikre UiBs vitenskaplege kapasitet i ei tid då dei økonomiske utsiktene varslar redusert handlingsrom og lite rom for tilsettingsvekst.

UiB har fleire viktige byggeprosjekt for å skape gode rammer for forskinga, utdanningane og fagmiljøa. Griegakademiet – Institutt for musikk – held i dag til i gamle Nygård skule, og i tre andre lokale. I revidert statsbudsjett for 2025 kuttar regjeringa dei ti millionane som var lagde inn i budsjettet, og melder at ho vil kome tilbake til saka i samband med den årlege budsjettprosessen. UiB jobbar målretta for å synleggjere for Stortinget behovet for eit nytt Griegakademi.

[Nygårdshøgda sør](#) er den nye teknologisatsinga og realfagssatsinga til Noreg og skal ruste landet for framtida. Campusutviklingsprosjektet styrker UiB og realfagsmiljøa slik at nasjonale moglegheiter kan realiserast, og globale utfordringar kan løysast. Statsbygg og UiB har løpande dialog med Kunnskapsdepartementet, og held fram med å arbeide på beslutningsgrunnlaget for å kunne få startløyving til eit føreprosjekt i statsbudsjettet for 2026.

Universitetsmuseet har ei av dei største kulturhistoriske samlingane i landet, og har etter kulturminnelova forvaltingsansvar for arkeologisk materiale frå Vestland og Sunnmøre. Det nær hundre år gamle bygget på Haakon Shetelig's plass 10 (HS10) for dei kulturhistoriske samlingane har tent som eit viktig museumsbygg, men er no teknisk og funksjonelt utdatert trass i systematisk vedlikehald. Eit nyrenovert kulturhistorisk museumsbygg skal bli eit framtidsretta forskings-, formidlings- og læringsmiljø for kulturhistorie og kulturarv, med moderne areal knytte til utstillingar, studiesamlingar og publikumsfasilitetar. Med dette kan det etablerast eit sterkt museumsfagleg fellesskap sentralt på Nygårdshøgda, der museumsområdet blir eit slagkraftig kunnskapsentrum nasjonalt og regionalt.

Trass i rammekutt og manglande kompensasjon har UiB balansert økonomi. Ny finansieringsmodell støtter opp om UiB som forskingsuniversitet med scenarioarbeid, større handlingsrom og budsjettmodell for heile organisasjonen.

UiBs posisjon i forskings- og høgare utdanningsfeltet

UiB held fram med å levere sterke resultat innanfor forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

[Tilstandsrapportar](#) frå [Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse](#) (HK-dir) og tilbakemeldingar frå Kunnskapsdepartementet på årsrapport og etatsstyringsmøter viser at UiB har ein klar profil, er internasjonalt synleg og har høg aktivitet i tråd med strategien. UiB, UiO og i noko grad NTNU skil seg ut som ei «klynge» av internasjonale forskingsuniversitet, med vekt på solid og langsiktig grunnforskning, ei stor breidde av disiplinag, doktorgradsutdanning på internasjonalt nivå og forskingsbasert utdanning av høg kvalitet, både i disiplinane og i tverrfaglege studietilbod.

For UiB er det avgjerande å være proaktive og å møte nye utfordringar gjennom tiltak for å sikre dei økonomiske rammevilkåra for fagleg kvalitet. Små fag må vernast gjennom målretta økonomiske tiltak, og konkurransen om studentar, og konkurransen om eksterne forskingsmidlar krev tydeleg strategisk merksemd. Internasjonalisering og digitalisering blir særleg viktig i åra framover, medan berekraft og mangfald framleis må ha høg merksemd.

UiB sin strategi har vist seg berekraftig i møte med både nasjonale og internasjonale rammeendringar. Den legg til rette for at organisasjonen kan jobbe meir aktivt og tilretteleggande i møte med endringar i sektoren, samtidig som den verdibaserte innrettinga gjev tydeleg retning for prioriteringane. Strategien er både fleksibel og spesifikk nok til å bringe institusjonen framover i tråd med visjonar og overordna mål.

UiBs utfordring er å halde på og utvikle posisjonen i ein sektor som framleis er prega av fragmentering, aukande konkurranse, tøffare internasjonalt klima og mange politisk drivne endringar. Geopolitisk uro og dei store skifta i rammevilkår opnar for gjennomgang av strategien i 2026, med særleg vekt på revidering av tilretteleggande aktivitetar for å sikre at UiB når eigne visjonar om å utvikle og røkte kunnskap som formar samfunnet.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

UiB har i denne strategiperioden redusert bruken av handlingsplanar og vektlagt strategien “Kunnskap som formar samfunnet” som UiB sitt styrande dokument. Strategidokumentet er også førande for innhaldet i utviklingsavtalen med departementet som kom på plass etter at strategien var ferdig. På denne måten har UiB styrka prioriteringane i strategien.

Denne saka viser at det gjennomgåande har blitt arbeida godt med å følge opp strategien i ei tid med stramme økonomiske rammer og ei ustabil verd, men at det framleis er viktig arbeid som gjenstår for å kunne styrke UiB vidare som eit internasjonalt forskingsuniversitet. Det gjeld både for kvalitet i forskning, for UiB som ein attraktiv utdanningsinstitusjon og for å skape naudsynte rammevilkår for å kunne ta vare på og styrke den faglege aktiviteten.

Arbeidet med å få finansiering av prosjekta Nygårdshøgda sør, Griegakademiet og rehabilitering av det unike kulturhistoriske museumsbygget på Haakon Shetelig's plass 10 er svært naudsynt for å kunne ta vare på universitetet sine fagmiljø, og å sikre rammevilkåra for forskning og utdanning.

Universiteta er avhengige av tilstrekkeleg ekstern finansiering for å kunne drive forskning og forskingsbasert undervisning på høgt internasjonalt nivå. Det er aukande konkurranse om midlar frå Forskringsrådet og EUs rammeprogram. For å styrke den fagleg utviklinga legg organisasjonen inn meir kraft på å sikre god tilgang på rekruttering og ekstern finansiering. Gjeven ny finansieringsmodell, og med demografiske utfordringar på sikt vil ei sterkare merksemd på studentrekruttering bli naudsynt.

Internasjonalisering er både eit mål og middel for UiBs verksemd. Universitetet slår ring kring det globale samarbeidet i forskingsverda, og bidreg aktivt til den raske utviklinga i digitale teknologiar og kunstig intelligens. Fleire strategiske initiativ skal styrke UiB sin internasjonale posisjon.

UiB har ei viktig rolle i fremje berekraft, mangfald og grøn omstilling, eit arbeid som krev jamn oppfølging i heile organisasjonen.

Universitetet står framom store omstillingar i tida som kjem. Ved hjelp av tenesteutvikling, kulturbygging, leiarutvikling, samarbeid på tvers av nivåa og ved å sørge for god opplæring i ny teknologi skal UiB framleis vere førande i sektoren på å organisasjonsutvikling og måltåtgåing.

I løpet av det komande året vil styret få seg førelagt ein plan for oppdatering av UiB-strategien.

11.06.2025/Ingar Myking